ØY GARD EN

- eit fyrtårn i vest

Årsplan Leirstaden barnehage

2026 - 2027



«Det viktigste et barn kan lære seg er så skaffe seg en venn, være en venn og holde på en venn»

(Tidligere kunnskapsminister Kristin Halvorsen)

OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Innhold

Innleiing: 3
Overordna mål 3
Fagområda 4
Progresjonsplan Språk, tekst og kommunikasjon 5
Kvalitet i Leirstaden barnehage skal vere kjenneteikna av: 8
Presentasjon av Leirstaden barnehage: 9
Kulturbarnehage 9
Samarbeid mellom heim og barnehage 10
Samarbeidsutval og foreldreråd 11
Barns medverknad 11
Cos – circle of security 12
Eit trygt og godt barnehagemiljø 13
Sosial kompetanse og vennskap 15
Leik 16
BTI – Betre tverrfagleg innsats 17
Overgangar 18
Alternativ og supplerande kommunikasjon - ASK 19
NUSSA – Nevroaffektiv Utviklingspsykologisk Strukturar Sosial Aktivitet 19
Førskulegruppe 19
Syngande barnehage 20
«Språk og kultur» 21
Vurdering og dokumentasjon 23
Plan for vurderingsarbeidet: 25
Tradisjonar/arrangement 25

Innleiing:

Lov om barnehagar og rammeplanen er saman med kommunale planar styrande for barnehagen si verksemd, og er ein forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Alle barnehagar skal ha ein årsplan som presenterer barnehagen. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom. Vi har månadsplanar og årshjul som er ein del av årsplanarbeidet vårt. Årsplanen er barnehagen sitt arbeidsreiskap til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning. Det er også eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. I tillegg er årsplanen grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen og informasjon ut til eigar, politikare og andre samarbeidspartnarar om vårt pedagogiske arbeid.
Årsplanen inneheld informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, danning, leik og læring for å fremje den allsidige utviklinga til barna i samarbeid og forståing med heimen. Planen gir også informasjon om korleis føresegna i barnehagelova om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast.

Overordna mål

Barnehagens formål og innhald er nedfelt i " Lov av 17. juni 2005 nr 64 om barnehagar" :

§ 1. Formål
Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter. De skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Endra ved lov 19 des. 2008 nr. 119 (ikr. 1 aug 2010 iflg. res. 18. juni 2010 nr. 828).

§ 2. Innhaldet i barnehagen.

- Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd.
- Barnehagen skal gi barn moglegheiter for leik, livsutfolding og meiningsfylte opplevingar og aktivitetar.
- Barnehagen skal ta omsyn til barna sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn.
- Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gi rom for barna sin eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.
- Barnehagen skal støtte barna sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter.
- Barnehagen skal ha en helsefremmende og en førebyggande funksjon og bidra til å utjamne sosial ulikskap.

Departementet har fastsett ein rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhald og oppgåver. Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplanen til lokale tilhøve.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Fagområda

«Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.»

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald)

Dei sju fagområda er grunnpilarane i barnehagen sin pedagogiske verksemd. Dei legg til grunn for alt pedagogisk arbeid vi gjer i barnehagen. Kva område vi har fokus på skiftar gjennom heile året, men sjølv om vi har fokus på eit område, er vi også innom dei andre fagområda.



Progresjonsplan Språk, tekst og kommunikasjon

«Progresjon i barnehagen innebærer at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang».
Rammeplanen kap. 8 side 28

Barnehagen har store områder den skal ivareta i høve til leik, læring og utvikling. Her synleggjer vi dei mest sentrale punkta i vår progresjonsplan. Nokre gongar kan dei gå i kvarandre og i mange tilfelle gjer barna også seg fleire erfaringar enn kva vi har med her.

Alder	Fagområde	Progresjon
1-2 år	SPRÅK TEKST OG KOMMUNIKASJON	Personalet aktiv til stades med dei minste i leiken, barna kan vere inndelt i grupper i løpet av dagen. Personalet skal bruke språket aktivt; Skildre og sette ord på . Bruke barnelitteratur; musikk, song rim og reglar. Legge til rette for at barna skal nytte sansane sine. Få respons på sin måte å uttrykkje seg på
3-4 år		Barna skal bli lest for, vi skal utvide deira tilgang til litteratur. Få tid til å setje ord på ønsker, kjensler og erfaringar. Personalet skal vere førebilete (danning) og ha tid til å lytte. Barna skal oppleve positive relasjonar i leik og aktivitet
5-6 år		Setje ord på uttrykka til barna, telje, sortere og leikeskrive. Legge til rette for språkleg aktivitet, og vere støttande. Tilby varierte spel. Barna skal få øve på å fortelje historier til eit publikum, som i samlingar; Små historier som opptek barna. Resten av gruppa får øving i å lytte, vere merksam på kva andre fortel, og gi respons / tilbakemelding / stille spørsmål.
Alder	Fagområde	Progresjon
1-2 ÅR	KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE	Sette namn på ulike kroppsdelar. M.a. ved hjelp av song, rim og reglar. Nytte sansane ute og inne; lukte, høyre, sjå og kjenne. Både ifm måltid, og turar i skog og mark. Få god erfaring med dei taktile sansane. Tid er eit stikkord – utforskande tilnærming. La dei få god plass til rørsle. Turar i nærmiljøet. Bli van med handvask – ta del i enkelt reinhald der det fell seg naturleg. Innøve gode rutinar. Mykje ved hjelp av «vaske-rim-regler»
3-4 år		Litt lengre turar i nærmiljøet i ulendt terreng. Skal få erfare fysisk meistring. Legge til rette i små grupper. Gi barna god tid til aktivitet og meistring. Vi følger helsedirektoratet sine anbefalingar ift kosthald. Erfare samanheng mellom det å vere mett, aktivitet og trøyttleik. Meistre toalettbesøk (med litt hjelp), hygiene, gode rutinar – vaksne hjelper og støtter.
5-6 år		Sjølvstende i høve til toalettbesøk, og i av – og påkledning. Gir barna tid til å opparbeide seg meistring. Personalet skal vere rollemodellar og syne barna glede / entusiasme ved å nå dei måla ein set seg. Gode rutinar for hygiene. Respekt for eigen og andre sin kropp, og for at alle er forskjellige. Verdien av å av å respektere ulikskap og kunnskap om dette. Positiv tenking. Servere og

		oppmuntre til sunt kosthald. Kva gjer maten med kroppen vår? Kva treng vi for å leike og vere i aktivitet?
1-2 år	Fagområde	Progresjon
	KUNST, KULTUR OG KREATIVITET	Barna skal få oppleve musikk og dans. Lytte til musikk og delta i song – og musikksamlingar. Gjere seg erfaringar med ulike formingsmateriale som t.d. maling og modellkitt, sand og vatn.. Legg til rette for ulike formingsaktivitetar – både taktilt og med hjelpemiddel (t.d. pensel). Finne glede i prosessen.
3-4 år		Få kjennskap til ulike materiale. Barna skal få erfaring med modellerkitt, maling, sand, vatn og jord. Kunne finne materiale sjølv; Skape ulike uttrykk og roller. Dikte eventyr og historier. Øve på å lytte til ulike historier. Ta barna med på å lage eigne historier, ut frå seg sjølv, eller med utgangspunkt i forteljarkort. Sjå kunst frå ulike kunstnarar.
5-6 år		Bli bevisst sin eigen kultur, kontra kultur frå tidlegare tider. Likt / ulikt. Kva er vår kultur. Filosofere saman med barna. Få presentert fleire typar formingsmateriale. Utvikle skaparevne gjennom ulike materiale. Ha høve til å uttrykke seg innanfor språk, dans, musikk og drama. Skal få uttrykke seg på ulike måtar i stor og lita gruppe.
Alder	Fagområde	Progresjon
1-2 år	NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI	Barna skal få bruke naturen til alle årstider og i all slags ver. Legge til rette for dette i små grupper. Læring gjennom handling. Få tid til å erfare korleis glidelås og selar fungerer (påkledning). Kjenne på dei ulike årstidene; Ver og vind, kulde og varme, rennande vatn og frose vatn.
3-4 år		Erfare å vere ute i all slags ver. T.d. følgje årstidene, ta vare på naturen. Ikkje kaste søppel – dyra bor der! Undre seg over fenomen i naturen. Utforske det dei er opptatt av.
5-6 år		Få kunnskap om kva som skjer når vi forsøplar. Finne ut av tekniske ting i saman med barna. Leikar og utstyr blir øydelagd; Kva skal til for å reparere?; Treng vi nye delar, kan vi ordne det med berre nevane, montering av nye leikar. Aktiv sandkasseleik; Heise / tømme, samarbeid, bruke kroppen. Få kjennskap til IKT. Få erfaring med å finne informasjon digitalt, glede /nytte av pedagogiske spel og oppgåver.. Få kjennskap til ulike naturfenomen.
1-2 år	Fagområde	Progresjon
	NÆRMILJØ OG SAMFUNN	Få erfare at dei er ein del av ei større gruppe; Er rekna med. Få vere med i gruppa saman med dei andre. Få bidra på sitt nivå i samling og liknande. Få opplevingar utanfor barnehagen. Gjere seg erfaringar i nærmiljøet – sanseinntrykk.
3-4 år		Skog og ulendt terreng. Få høyre om gamle dagar – endringar fram til i dag. Sjå bilete og kjenne på konkretar. Å sjå seg sjølv i ein større samanheng; ta vare på leikar og utstyr i barnehagen, respekt for seg sjølv og andre, omsyn og ulikskap.
5-6 år		Få erfaringar med kva demokrati betyr. Vere med på å lage demokratiske reglar i barnehagen; kvifor er dei viktig, og kva skjer

		om vi bryt desse reglane. Bli tatt med på lengre turar. Erfare og bli fortalt om endringar i kulturlandskapet. Få kunnskap om kvifor vi alle er viktige bidragsytarar i samfunnet. Få innblikk i kva ulike yrkesgrupper gjer. Kjenner vi nokre yrkesgrupper? La barna fortelje om kvar dei bur, korleis det er der, og kva som er viktig for dei. Barna skal oppleve at dei har ei viktig stemme; Dei er ein del av ein større samanheng og deira heimstad og deira barnehage er ein viktig del av dette.
1-2 år	Fagområde	Progresjon
	ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI	Gi barna gode opplevingar i samband med jul – og påsketradisjonar. Tufta på kristne og humanistiske tradisjonar. Delta på korte samlingar og lære enkle songar. Lære å vere med andre barn på ein positiv måte. Erfare enkle omgrep som «hjelpe» og «vere god med». Erfare fordelen med å dele på ulike leikar og utstyr.
3-4 år		Lage reglar for samspel med barna. Snakke om korleis vi er med kvarandre; Rollespel (case) av personale for å illustrere(?). Filosofere. Lage tankekart over ulike tema saman med barna. Eks. snø: kald, kvit, ake. Respekt for ulike religionar og samfunn. Høyre ulike historier (film, litteratur, forteljing frå andre stadar) - Forut
5-6 år		Skal få rom til samtalar med ein vaksen ang ting som opptar dei. Medansvar for at ein sjølv og andre barn har ein fin barnehagekvardag. Ta del i å etablere enkle reglar for korleis vi skal vere med kvarandre. Motvirke mobbing og trakassering, via relasjonsbygging og sosial kompetanse. Utvikle forståing for ulike tradisjonar og levesett. Få kunnskap om barna dei går i barnehagen saman med, I tillegg til andre barn i andre land og andre kulturar. Oppleve at det blir tatt like mykje omsyn til gutar og jenter. Likestilling

1-2 år	Fagområde	Progresjon
	TAL, ROM OG FORM	Barna skal få erfaring med ulike rom; Små og store. Lage eigne rom av tepper, stoler, pappesker. Erfare at dei må gjere seg liten for å komme seg inn i, eller at rommet er så stort at dei kan strekke seg så lang dei er. Leike med ulike former. Begynnande omgrep – sortere og samanlikne. Nytte innpasningsspel/puslespel. Erfare ulike omgrep som tung, lett, liten og stor.
3-4 år		Gjere seg erfaring med å telle. Telle ting rundt oss, bli kjend med tellebøker. Kjenne igjen sitt eige tal (alder). Gjere seg kjend med enkle omgrep som midt i rommet, under bordet, opp i kassa. Dei vaksne skal vere bevisst språkbruken i leik og aktivitet saman med barna. Samanlikne ulike storleikar. Ute i naturen skal dei kunne gjere seg erfaringar med store og små steinar. Samanlikne med t.d. ei lett fuglefjør
5-6 år		Dei skal og erfare at det går an å måle lengde ved hjelp av ulike kroppsdelar (armar, bein eller heile seg). Kreativitet. Gi barna idear og erfaring med design ved å utforske, oppdage og skape ulike former og mønster. Bli kjend med ulike former både i

		naturen og i barnehagen. Sirkel, trekant og firkant. Gjere seg kjent med dei inne og leite dei opp i naturen, eller lage av naturmateriale. Logisk tenking. La barna få tid til å resonnere og sjå matematiske samanhengar. Støtte dei i bruken av matematiske omgrep og la dei erfare nye typar spel, teljemateriale og klossar i denne prosessen. Kjenne til tal som er større enn talet 9.

Kvalitet i Leirstaden barnehage skal vere kjenneteikna av:

- Alle vaksne har gode relasjonar og positive forventningar til barna
- Barn får medverke i kvardagen sin
- Trygge, engasjerte og kompetente vaksne. Tilsette med gode personlege eigenskapar og høg fagleg kompetanse
- Godt samarbeid med heimen
- Leik og læring i eit inkluderande fellesskap
- Eit trygt og godt barnehagemiljø, med fokus på fysisk og psykisk helse
- Godt samarbeid med skulen

For å ivareta kvaliteten i barnehagane har vi utarbeid ein felles visjon for barnehagen:

«SAMAN ER VI BEST»

Med dette meiner vi: når vi samarbeider og står saman så lukkast vi best! – mellom barn-personale – foreldre og andre samarbeidspartnarar.

Enkeltindividet er viktig – og får utvikle seg på sin måte – men saman med andre vil det oppleve å få meir ut av seg sjølv.



«Saman er ein mindre aleine», Anna Gavalda

Presentasjon av Leirstaden barnehage:

Leirstaden barnehage er ein 4-avdelings kommunal barnehage som ligg cirka 2 kilometer frå sentrum på Straume. Barnehagen ligg fint til i naturskjønne omgivnadar ved Skiftedalsvatnet. Like ved oss har vi turstien «Kyrkjevegen», med dagsturhytta Larslibua, i tillegg til Foldnes kyrkje.





Kulturbarnehage

Leirstaden barnehage er ein kulturbarnehage; Kultur er eit vidt omgrep, og for vår del har det vore i endring og utvikling frå barnehagen vart etablert i 2006. Inneverande barnehageår er vi fortsatt ein del av «syngande barnehagar», barna skal oppleve kulturelle innslag, og dei skal og (alder) oppleve å nytte scena vår der dei sjølv er delaktig. Variasjonen frå avdeling til avdeling er ei styrke for oss, og der både skaparglede og presentasjon blir ivaretatt. Fagområdet (kunst og kultur og kreativitet) sjåast og i samanheng med barnehagen som eit demokratisk fellesskap der kvart enkelt individ har stor verdi og ein viktig bidragsytar. Barna sin skaparglede skal bli ivaretatt og presentert på ein måte som løfte individet og det vi står for. Vi ynskjer å vidareføre kulturarv og tradisjonar der mangfaldet blir løfta fram og ivaretatt. Vi vurderer det slik at ein del av dei TOG (trygg og god) tiltaka som vi har etablert også er med på å styrke grunnmuren vår som ein kulturbarnehage

«*Barnehagen skal legge til rette for kulturmøte, gi rom for barnas egen kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»*

«Barnehagen skal la barna møte ulike kunst -og kulturuttrykk som gjenspeiler eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar.» Rammeplan for barnehagar 2017

Samarbeid mellom heim og barnehage

Gjennom eit tett og godt foreldresamarbeid, med open kommunikasjon, respekt og forståing, vil Leirstaden barnehage ta vare på barna sine behov for omsorg, leik, læring og danning. Foreldre er dei som kjenner sine barn best, medan det pedagogiske personalet har ein generell kunnskap om barn si utvikling. Saman skal vi skape ein god barndom for barna.

Eit godt samarbeid med føresette skapar vi gjennom:

- Dei daglege møta med føresette i hente- og bringesituasjonar
- Samarbeidsutvalet
- Foreldremøte
- Foreldresamtalar vår og haust
- Brukarundersøking
- Informasjon mellom barnehage og heim via Vigilo
- Å gje foreldra høve til å søke hjelp og rettleiing hos personalet.

<u>Vi ynskjer at foreldre skal bidra til eit godt barnehagemiljø og vere gode rollemodellar ved å :</u>

- Helse på å prate med barn og foreldre de møter i barnehagen
- Støtte opp under barna sitt vennskap. Vis at du liker barnets vener, prat med dei og inviter dei med på aktivitetar
- Snakk fordelaktig og positivt om dei andre i barnehagen.
- Tren barnet i å snakke om kjensler, når det er naturleg.
- Oppmuntre barnet til å være raus.
- Oppmuntre barnet til å vente på tur, gi, få og bytte på å bestemme i leiken. Lær barnet god konfliktløysing.
- Ta initiativ til, og still opp på felles aktivitetar og opplevingar for barn, foreldre og tilsette i barnehagen
- Vis barnet korleis vi oppfører oss i trafikken
- Snakk med barnet ditt. La barnet ditt få utforske og undre seg og støtt det vidare til å finne svaret.
- Ha augekontakt og vær til stade med barnet ditt når du har dei gode samtalene. Vis interesse for det barnet interesserer seg for. Hugs at tida når barnet ditt er liten, går fort!
- Foreldre og barnehage samarbeider om felles «reglar» for invitasjon til bursdagar slik at ingen barn blir halden utanfor

(deler er henta frå FUB)

Samarbeidsutval og foreldreråd

Alle foreldre er medlem i foreldrerådet for barnehagen. Foreldrerådet vel representantar, som utgjer foreldrerådet sitt arbeidsutval. Dei kan arrangere foreldremøte, kurs, festar mm. Dei vert valt på foreldremøtet om hausten. To av dei valde representantane sit i barnehagen sitt samarbeidsutval, dei to andre er vararepresentantar.
Samarbeidsutvalet for barnehageåret 2026 - 2027 består av:

- Representant for eigar: Styrar Janita Sandvik Sjøvold
- Foreldrerepresentant og leiar i su: Natasha Breivik: natbre4@hotmail.com, mob. 41323196
* Foreldrerepresentant: Sindre Andre Tollefsen
- Representantar for dei tilsette: Ann Kristin Bogstad og Sølvi Olsen

Barns medverknad

«Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. Barn skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd. Barnets synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og modnad.» (Lov om barnehagar)

Hos oss betyr dette at barna får uttale seg om kvardagen i barnehagen. Barna får vere med å påverke kva som skjer i løpet av dagen, og gjennom demokratiske val får barna ei gryande forståing for korleis samfunnet fungerer. Eitt eksempel på korleis barna får medverke er val av turstad. Barna får stemme over to stader og ser at fleirtalet avgjer. Men det viktigaste er at vi legg til rette for mindre grupper, der dei vaksne kjem tettare på og barna si stemme og den får stor innverknad på korleis vi legg til rette og planlegg dagen vår. Her får dei påverke indirekte, og dei eldste får ei meir direkte stemme inn i barnehagedagen med faste barnesamtalar. Hos dei minste barna har kroppsspråk og non-verbal kommunikasjon mykje å sei for deira medverknad. Vi les barna og tolkar deira signal. Saman med observasjonar legg vi til rette for at deira tankar og synspunkt kjem fram.

Gjennom samtaler og refleksjon får vi mykje god kunnskap sett fra barns perspektiv. I tillegg til daglege samtaler har vi kvart år ein samtale med 5- åringane om korleis dei trivast, og om dei opplev at dei kan vere med å medverke. Innspela frå barna blir drøfta i personalet, slik at vi kan bruke dei til å heile tida bli betre.



Cos – circle of security


Vi nyttar COS som modell for vårt arbeid i korleis vi møter barna i ulike situasjonar.

Eit barn har i hovudsak to typar tilknytingsbehov. Det treng ein omsorgsperson som kan støtte barnet si utforsking og fungere som ein trygg base (”passe på meg, være god mot meg, hjelpe meg, vise glede når vi er saman”). Barnet treng også at omsorgspersonen er der når det søker nærleik og at ho eller han kan fungere som ein trygg hamn (”beskytt meg, trøyst meg, vis godheit for meg, organiser følelsane mine”).
Barnet sitt behov er at det treng støtte for å utforske, å bli passet på og oppleve å bli delt glede saman med, men også å bli ønska velkomen tilbake, bli beskytta, trøysta og få organisert kjenslene sine.

Tryggleikssirkelen viser oss at foreldre/omsorgspersonar har to funksjoner overfor barnet

- Vere ein trygg base som barnet kan våge å bevege seg bort frå utan at barnet blir forlate.
- Vere ein sikker hamn som alltid er der for å ta imot når barnet har behov for nærleik/trøyst frå den vaksne.

I COS-lærer dei vaksne korleis dei kan møte barnas kjenslemessige behov og korleis hjelpe til å bli bevisste egne utfordringar i å imøtekomme barnets tilknytingsbehov.



Eit trygt og godt barnehagemiljø

«Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får en god barndom preget av trivsel, vennskap og lek, er fundamentalt. Barnehagen er også en forberedelse til aktiv deltakelse i samfunnet og bidrar til å legge grunnlaget for et godt liv. Alle handlinger og avgjørelser som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggende hensyn, jf. Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1.» (Rammeplanen for barnehagen, s.4:2017).

«Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Barnehagen skal ha et helsefremmende og førebyggande funksjon og bidra til å utgjevne sosiale forskjellar» Barnehageloven § 1 og § 2.

Januar 2021, trådde endringar kring barns psykososiale barnehagemiljø i kraft;

- § 41.Nulltoleranse og forebyggende arbeid
- § 42.Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)
- § 43.Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

I Leirstaden barnehage har vi fokus på at alle barn skal oppleve at dei er inkludert og ein del av eit fellesskap. Eit godt barnehagemiljø, med fokus på leik og samspel, er grunnleggjande for at barna skal trivast, lære og utvikle seg. Det er dei vaksne sitt ansvar for at barnehagen har eit godt barnehagemiljø. Barnegrupper med høg sosial kompetanse vil kunne bidra til trivsel for alle, og være med på å forebygge mobbing og utestenging i barnehage og skule. Sjølv om det alltid er dei vaksne som har det overordna ansvaret for tryggleik og trivsel blant barna, så dannar sosial kompetanse hos det enkelte barn også eit viktig utgangspunkt for å skape gode læringsmiljø/barnehagemiljø.
All læring i tidlege år går føre seg i sosiale situasjonar og særskilt i samspel med andre barn eller samspel med vaksne. Derfor er sosial kompetanse også viktig for fagleg utvikling hos barna.

Mål:

- Alle barn skal ha ein god kvardag, der dei trivast og utviklar seg og vert trygg på seg sjølv og sin identitet
- Alle vaksne som omgåst barna skal sjå, handle og følgje opp når uønskte hendingar skjer.
- Alle barn skal oppleve ein god kvardag tilpassa eigne føresetnader
- Alle barn skal oppleve at dei vert respektert for den dei er, og respektere kvarandre og føle seg inkludert

Korleis skal vi nå måla?

- Vi skal ha medverknad frå barna og være lydhøyr til barnas innspel og deira perspektiv på aktivitetar vi legg opp til. Dette via tankekart og samtaler.
- Vi skal observere barna sin leik
- Vi skal gjennomføre barnesamtaler om vennskap og trivsel 2 gonger pr år
- Vi skal ha fokus på barnehagemiljøet på personalmøte og avdelingsmøte
- Vaksne skal sjå moglegheiter, ikkje avgrensingar- sei ja når det er mogleg
- Årshjulet og den interne periodeplanen skal sikre at vi jobbar strukturert og felles mot same mål : Bygge robuste barn, med god sjølvkjensele og tru på seg sjølv.
- Personalet skal kjenne til og kunne ta i bruk handlingsplan om utestenging, krenking og mobbing- tema på planleggingsdag
- Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsatt for omsorgssvikt, vald og overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette – tema på planleggingsdag

Kva er mobbing?

Mobbing er handlingar frå vaksne eller barn/ungdom som krenkjer opplevinga til ein person av å høyra til og vera viktig for fellesskapet

Mobbing kan vere mange ulike ting. Nettsida Nullmobbing.no seier litt om kva mobbing kan vere og kva ein kan gjere om ein opplev at barnet blir mobba.



Sosial kompetanse og vennskap

Vi i Leirstaden barnehage ynskjer at barna som går her skal ha med seg en usynleg sekk fylt med sosial kompetanse, vennskap og tru på eigen meistring. Sosial kompetanse bidreg til sosial inkludering og for oss i Leirstaden barnehage er det viktig at alle barn føler seg inkludert og som ein del av fellesskapet. Sosial kompetanse kan også vere forebyggande for problemåtferd, då ein er betre rusta til å handtere motstand og konfliktar.
Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Det handlar om å lykkes i å omgåast andre. Denne kompetansen vert uttrykt og tileigna av barn i samspel med kvarandre og med vaksne, og vert spegla i barna sin evne til å ta initiativ og til å oppretthalde vennskap.

Det er framheva eige punkt for sosial kompetanse i rammeplanen:
« Barnehagen skal arbeide kontinuerleg med å støtte og fremje enkeltbarns og barnegruppas sosiale ferdigheiter. Personalet er rollemodellar og bidreg gjennom eigen veremåte til barns læring av sosiale ferdigheiter. Eit aktivt og tydeleg personalet er nødvendig for å skape eit varmt og inkluderande sosialt miljø. Anerkjennande og støttande relasjonar er grunnlag for utvikling av sosial kompetanse»

Sosial kompetanse består av ulike sosiale ferdigheiter som er vesentlege å meistre og som må lærast:

- Empati og rolletaking - innleving i andre sine følelsar og forståing for andre sine perspektiv og tankar.
- Prososial åtferd- positive sosiale handlingar som å hjelpe, oppmuntre og å dele med andre
- Sjølvkontroll- å kunne utsette eigne behov og ønskjer i situasjonar som krev for eksempel turtaking og felles avgjersle og å takle konfliktar
- Sjølvhevding – korleis ein kan hevde seg sjølv og eigne meiningar på ein god måte og tørre å stå imot gruppepress (jf. mobbing)
- Leik, humor og glede – å kunne skilje leik frå annan aktivitet som å tolke leikesignaler, la seg rive med og føle glede (Udir)

Vi i Leirstaden barnehage har null toleranse for utestenging, krenking og mobbing. Alle barn skal føle at dei er inkludert og at dei kan vere seg sjølv, og bli akseptert for den dei er.

Mål:

- Barna skal utvikle ein positiv sjølvoppfatning og ha tru på seg sjølv og eigne ferdigheiter
- Barna skal oppleve vennskap og lære å omgåst andre
- Vaksne skal førebygge, stoppe og følgje opp utestenging, diskriminering, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre

For å nå dette vil vi:

- Ha trygge og tydelege vaksne til stades i barnehagen som er der barna er.
- Støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner.
- Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og hjelpe dei i å finne løysingar i konfliktsituasjonar
- Støtte og hjelpe barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar

Leik

«Barnehagen skal gi barna moglegheit for leik, livsutfolding og meiningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgivnader" (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald)

Barn lærar mykje gjennom leiken og leiken har ein stor verdi i vår barnehage. I leik vil barna utvikle seg både språkleg, intellektuelt, motorisk og sosialt. Leiken har ein eigenverdi som vi skal anerkjenne og legge til rette for. Leiken skal være ein arena for utvikling og læring, ein fristad for barna og ein stad vi lærer.
Leik er og ein god arena for læring, og vi brukar leik og leikeaktivitetar i stor grad når vi for eksempel arbeider med språk.

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.» (Rammeplanen s 20)

Mål:

- Vi skal gje barna tid og rom for utforskande leik kvar dag
- Vi skal hjelpe barn til å oppleve meistring og glede i leiken
- Vi vaksne skal være til stades i leik, både deltakande og observerande og støtte barn til å utvikle sosial -og leikekompetanse

For å få dette til vil vi:

- Sette av god tid til leik kvar einaste dag, både inne og ute. Barna får i stor grad velgje sjølv kva og kven dei vil leike med
- Leggje til rette for eit leikemiljø som inspirerer til fantasi, skaparglede, livsutfalding og for variert leik. (organiserer rom, tid og leikemateriale som inspirerer til ulike typar leik)
- Jobbe med vaksenrolla på personalmøte og avdelingsmøter- skape ein kultur for at vaksne deltek meir i leiken
- Ha barnesamtalar med barna for å høyre deira tankar om leiken – og bruke dette til at alle barn kjem inn i leiken og utviklar gode relasjonar og venskap

«I dag har eg berre leika»
=
meir enn «berre leik»



BTI – Betre tverrfagleg innsats

BTI (Betre tverrfagleg innsats) er ein samarbeidsmodell for tidleg intervensjon og tverrfagleg samarbeid. Den er egna for tenester som møter barn, unge og føresette der det er knytt undring eller bekymring. BTI består av to hovudelement; ein handlingsveiledar og Stafettloggen.
BTI-modellen er utvikla av Helsedirektoratet, og Øygarden kommune innfører den for sikre god og systematisk oppfølging av barn og unge.
Når det er knytt ein undring eller bekymring til eit barn, vil barnehagen opprette ein stafettlogg i samråde med føresette.



Overgangar

Barnehagealderen er den perioden hvor noen av de største overgangene i livet finner sted, både for barn og foresatte. Det kan nevnes tre overganger; når barnet begynner i barnehagen, overganger innad i barnehagen og overgang til skole.
(Rammeplan for barnehagen)

Når barnet byrjar i barnehagen:
Ved oppstart så tilpassar vi rutinar og organiserer tid og rom for at barnet skal få tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og andre born. Dei vaksne er tett på den første tida slik at born og foreldra skal kjenne seg trygge, og oppleve at dei høyrer til her.

Overgang mellom avdelingar:
Når tida er inne for at borna går frå liten til stor avdeling blir foreldra informert om kva avdeling og om tidspunktet når dette skal skje. Dei får også eit «velkomenskriv» frå den nye avdelinga med info om rutinar og planar. Det er også ein samtale mellom ped.leiarane for å sikre at barnet blir godt ivaretatt. Foreldra blir informerte på samtale om kva som skal vidareformidlast. I tida før overgangen er barna jamleg på besøk på den nye avdelinga, for å knytte seg til personalet og borna. Organiseringa av sommarbarnehagen gir stort sett ein naturleg overgang for dei fleste

Overgang barnehage - skule
Vi skal gjere det siste året i barnehagen til ei fin avslutning på barnehagetida, slik at dei kan gle seg til å begynne på skulen.

- Vi har besøksdag til Foldnes skule i regi av skulen når det nærmar seg skulestart.
- Pedagogisk leiar og styrar har samtaler med skulen før oppstart kor det blir gitt informasjon til skulen etter samtykke fra foreldra/føresette.
- Vi følgjer prosedyrane til Øygarden kommune for overgangen mellom barnehage og skule. Føresette vil få meir informasjon når det nærmar seg.

Alternativ og supplerande kommunikasjon - ASK

I barnehagen vår jobbar vi aktivt med alternativ og supplerande kommunikasjon – forkorta til ASK. Vi brukar både grafiske symbol (bilete) og teikn til tale kvar dag. ASK er en måte å uttrykkje seg på og med for dei borna som treng det.

Bruk av teikn og bilete er med på å fremje språkutviklinga. Når vi arbeider med kommunikasjon og språk bidrar vi til at borna kan gi uttrykk for kjensler, ønskjer og til at dei får erfaringar med å løyse konfliktar.
Det skapar og positive relasjonar i leik og anna samvær. Det er viktig for oss at born og vaksne i barnehagen bruker teikn og bilete, slik at alle er inkludert i fellesskapet og får oppleve at dei er likeverdig. Kvar månad har vi månadens teikn og vi lagar tematavler med bilete og teikn som vi brukar gjennom arbeidet med månadens tema.



NUSSA – Nevroaffektiv Utviklingspsykologisk Strukturar Sosial Aktivitet

NUSSA er eit utviklings- og leikebasert program. Programmet brukar strukturert leik til å bevisstgjere kjensler og sosiale ferdigheiter. NUSSA er for alle born. Det er eit aktivitetsbasert program som skal styrke borns naturlege ressursar.

NUSSA utførast i små grupper. Gruppene skal ha et fast mønster med ein fast start og slutt. Leikene er ikkje konkurranseprega og har fokus på samarbeid. Vi har også NUSSA-inspirert leik på avdelingane. Då utførar vi leikar som blir brukt i NUSSA-gruppene saman med heile avdelinga.

Førskulegruppe

I år har vi 14 førskulebarn i Leirstaden barnehage. Desse er fordelt på 2 avdelingar; Tryllefløyten og Flåklypa.
Vi valt å samle førskulebarna rundt ulike tema som skal fremje fleire viktige område før skulestart. Vidare er Trampolineboka med diverse oppgåver tilpassa siste året før skulestart. Aktuelle tema; Å kunne sette ord på og skilje mellom ulike kjensler. I tillegg til konflikthandtering – øve seg på å sette ord på at evt. konfliktar løyser vi verbalt.
Legge til rette for vi-kjensle og stas å endeleg vere eldst i barnehagen. Rosa-russedåp 27 april.

Syngande barnehage

Vi er ein «Syngande barnehage» og skal bruke song og musikk gjennom barnehagedagen. Å synge saman kan gje gode musikkopplevingar og skape glede, tryggleik og samhald. Song kan også bidra til å fremme språkutvikling hos barna.

Ved å få meir song inn fra starten av livet, oppfyller vi også ambisjonen om god livskvalitet og folkehelse gjennom livet:

- Song skaper glede og gode opplevingar
- Å bruke song som verktøy- målretta bruk av song skapar ein god barnehagekvardag for liten og stor
- Song styrker tilknyting og emosjonell utvikling- song og musikk hjelper barn med å formidle kjensler og forstå andre
- Song kan brukas i tilknytingsarbeid - song er eit godt hjelpemiddel under tilknyting
- Song styrker språket- song, rim og regler er spesielt nyttige for utviklinga av språket
- Song gjer tryggheit og bygger venskap- grupper trenger tryggheit, samkøyring og felles regler for å fungera bra.
- Song styrker musikaliteten- vi har eit grunnleggande behov for å uttrykke oss gjennom musikk
- Song skapar inkludering- når ein kan dei same songane, kan man leike saman sjølv om ein ikkje snakkar same språk.

Rammeplanen om song: *"Gjennom arbeid med fagområdet kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståelse, språkkompetanse og et mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, sanger, litteratur og tekster fra samtid og fortid"*

Allsidig musikkaktivitet stimulerer og utviklar barnets motorikk, språk, tale, fantasi, kreativitet, kjensleliv og sosiale ferdigheiter. Barnet er nysgjerrig, leikande, utforskande og skapande. Gleda og opplevinga av å synge, spele og danse er med på å gje barnet sjølvinnsikt, oppleving av meistring, sjølvtryggleik og identitet. Vi er født musiske. Det er forska på at song er viktig for barns utvikling. Musikk i barnehagen er viktig som kulturformidling, språktrening og relasjonsbygging, og for å skape glede! Musikalsk trening påverkar ikkje bere barnets musikalske evne- det gjer store fordelar til den emosjonelle og åtferdsmessige modninga hos barn. Det vil sei at song og musikk er ein viktig del av livet i barnehagen. Gjennom musikken kan barna kommunisere, leike, bygge relasjonar og øve opp språket sitt. Song og musikk lærer barna å vere aktivt deltakande i eit fellesskap der alle stemmer blir høyrd og får plass, og lærar sameleis å lytte til og respektere kvarandre.

«Språk og kultur»

Øygarden kommune er ein språkkommune, der ein arbeider med at språkarbeidet i kommunens barnehagar og skular skal vere eit universelt tiltak for å gje alle barn og unge god språkkompetanse slik at ein sikrar likeverd, reduserer skilnader og aukar livsmestringa. Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Barna skal støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Alle barn skal få ein god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling, medrekna teiknspråk og teikn til tale.

Rammeplan for barnehagen skriv at *«Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, herunder tegnspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagehverdagen, og alle barn skal få delta i aktiviteter som fremmer kommunikasjon og en helhetlig språkutvikling.»*



I dag lever borna våre i et fleirkulturelt samfunn- Tryggheit i egen kultur, og kunnskap om andre sin kultur er avgjerande for å oppretthalde eit mangfaldig og inkluderande samfunn.

I Leirstaden barnehage jobbar vi med språk gjennom kvardagssamtalar, lesestunder i små grupper saman med ein vaksen og vi ønskjer at dei vaksne er aktivt deltakande i leiken. Vi hjelper barna til å setje ord på kjensler og bruke orda sine for å få fram eit bodskap. Vi bruker også teikn til tale i kvardagsspråket vårt.

Leirstaden barnehage er ein fleirkulturell barnehage, dette marker vi på ulike måtar. Blant anna har vi ein tradisjon for å vere ein del av Forut barneaksjon. Her får barna bli kjend med musikk og rytme frå ulike land og framfører noko av dette for foreldra. Språk, og særskilt morsmål er en grunnstein i ulike folks kulturhistorie og tradisjonar.

Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene. Vi skal synleggjere variasjonar i verdiar, religion og livssyn. Ulikheitene skal brukast som utgangspunkt for dialog og respekt for mangfald. Vi i Leirstaden barnehage syns det er viktig å løfte fram dei ulike kulturane som er representert i barnehagen for å skape ein større aksept og forståing av ulike levesett.



Til dømes kan ein kulturell forskjell vere at ein ikkje et svin, som er i salamien, da kan samtalen handle om kvifor ein ikkje et svin. Jo fordi i nokre kulturar et dei ikkje svin, og det må ein respektere. Dette er med på å skape ein begynnande forståing og respekt av ulike kulturar og livssyn. Vi markerer mellom anna kristne og muslimske tradisjonar hand i hand og snakkar om ulikskap og likskap mellom dei ulike feiringane.

Personalet skal gjere barna kjent med samisk kultur og levesett og knytte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mattradisjonar. I barnehagen vil vi marker dette som en samisk uke frå 3 til 7 februar. Her vil vi markere med å snakke om den samiske kulturen, språk, mattradisjonar, leiker og musikk. Vi kommer gjennom året til å markere hendingar og merkedagar som fall seg naturleg for oss å løfte frem. Og vi ønskjer gjerne at dykk foreldre kommer med innspel og korleis dykk markera ulike merkedagar.



Vi i Leirstaden ynskjer å arbeide med og legge til rette for språk og kultur blant anna med å:

I Leirstaden skal vi gjennom ulike innfallsvinklar arbeide med språk og kultur;

- ✓ Ha eit tilrettelagt og inkluderande miljø ute og inne
- ✓ Fokus på rommet si fysiske utforming
- ✓ Tilgang på ulike leiker
- ✓ Aktive vaksne
- ✓ Organisert leik med rettleiing og støtte frå vaksne
- ✓ Vi nyttar visualisering med støtte i bilete og dagtavler (ASK)
- ✓ Kvar avdeling bestemmer sjølv kva dei ynsker å jobbe med knytt til tema, og dette vil de kunne lese meir om i månadsplanane til dei ulike avdelingane.
- ✓ Song og musikk saman med konkretar
- ✓ Hei og hadet på ulike språk
- ✓ Samtale om høgtider
- ✓ Musikk på ulike språk
- ✓ Samarbeid med kulturskulen og «Syngande barnehage»

Dei ulike avdelingane vil arbeide på ulike måtar, men mot same mål:

Barna skal motiverast til å uttrykke seg gjennom verbalt og non-verbalt språk, musikk, dans, drama og anna skapande verksemd, og gi dei rom for å utvikle varierte uttrykksformer

Vurdering og dokumentasjon


Den nye rammeplanen seier at barnehagen skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Barnets trivsel og allsidig utvikling skal observerast og vurderast fortløpande og barnets erfaringar og synspunkt skal inngå i vurderingsarbeidet.

Tiltak for å gjere dette er blant anna ved at ein systematisk tilbyr to foreldresamtalar i året.
Vi har barneintervju med dei eldste barna og gode observasjonar av dei minste. Vi tilbyr foreldresamtalar etter behov dersom det skal være noko utanom ordinære foreldresamtalane

Dokumentasjon skal sikre at brukarane får innsyn i det pedagogiske arbeidet. Personalet brukar dokumentasjon som grunnlag for samtale og refleksjon omkring pedagogisk praksis. Dokumentasjon skal gje informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Trivsel og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet skal observerast og vurderast fortløpande.
Dei tilsette dokumenterer innhaldet i kvardagen gjennom prosjektdokumentasjon, månadsplanar og Vigilo. Det skapar avklaringar og gjev grunnlag for vidare arbeid.

Foreldre og tilsette skal vurdera barnehagen gjennom brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar. Vurderingane skal brukast som grunnlag for den vidare planlegginga i barnehagen. Årsplanen er òg eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverka innhaldet i barnehagen.

Årshjul – Leirstaden barnehage 26 - 27



Forklaring på forkortelsene:	
- **KST:** Kommunikasjon, språk og tekst - **KBMH:** Kropp, bevegelse, mat og helse - **KKK:** Kunst, kultur og kreativitet - **NMT:** Natur, miljø og teknologi	- **ARF:** Antall, rom og form - **ERF:** Etikk, religion og filosifi - **NS:** Nærmiljø og samfunn

Plan for vurderingsarbeidet:

Kva skal vurderast:	Mål for vurderings-arbeidet:	Kven skal delta:	Korleis vurdere:	Tidspunkt
Barnehagens arbeid med språkabeid	Alle barna skal få varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler	Alle tilsette, gjennom vurdering og evaluering av arbeid.	Tema på avdelingsmøter, personalmøte og leiarmøter. Analyseskjema av eigen praksis	Gjennom året Evaluerast på leiardag i juni
Kultur	Dei vaksne i Leirstaden skal vere lyttande og merksame på barnas ulike kulturelle uttrykk, vise respekt for deira ytringsformer og fremme lyst til å gå vidare i utforsking av dei estetiske områda	Alle dei tilsette	Tema på avdelingsmøta, personalmøta og leiarmøta. Evaluering etter ulike prosjekt og temaveker	Gjennom året

Tradisjonar/arrangement

OKTOBER	**FN - DAGEN**	FN – dagen markerast saman med FORUT – basar og Forut barneaksjon.
NOVEMBER	**VENNSKAPSVEKER**	I november har vi vennskapsveker i barnehagen. Desse vekene har vi ekstra fokus på vennskap og det å vere ein god ven. Vener er viktige for utviklinga, og for å kunne sette seg inn i kva andre tenker og føler. Det å ha vener er også med på å beskytte mot einsemd, mistrivsel, mobbing og psykiske problem. Gode vener trøyster kvarandre, samarbeider, deler gleder og passar på at den andre har det bra.
DESEMBER	**LUCIA** **NISSEFEST**	Lucia-markering, dei store barna går i Lucia prosesjon for dei minste. Det vert bakt og servert lussekattar. *Inneverande barnehageår fell Lucia på ein søndag, så det blir ikkje markert i barnehagen* Juletregong, songar og nissegraut. Det kan vere at nissen kjem!

	JULEBORD	Julebord for barna – her lagar vi ekstra god lunsj og barna kan pynte seg litt til barnehagen.
FEBRUAR	**TEMAFEST** **SAMENES DAG**	Barn og personale har temafest i barnehagen. Vi syng og dansar, i tillegg til nokre overraskingar! Barna får høyre om samisk kultur og tradisjonar.
MARS	**BARNEHAGEDAGEN**	Dette er fagrørsla si markering av barnehagen sitt innhald. Meir informasjon kjem når det nærmar seg.
MARS/APRIL	**PÅSKELUNSJ**	Vi snakkar om påske, og kvifor vi markerer den. Vi har påskelunsj der vi serverar diverse godt pålegg, gjerne basert på egg og gule fargar.
MAI	**17. MAI MARKERING**	Barna pyntar med flagg og dekorasjonar. Vi går i tog rundt barnehagen og har ulike mai-leikar. Det heile vert avslutta med pølse i brød og drikke.
JUNI	**FØRSKULEAVSLUTNING** **SOMMARFEST**	Vi har avslutning for førskulebarna våre, med førskuledisco/førskuletur etc. Dette er eit arrangement i regi av foreldra. Vi markerer avslutning av barnehageåret, og barna opptrer på ulikt vis.